

Varsel om oppstart, samt høyring og offentlig ettersyn av planprogrammet - Revidering av kommuneplanens arealdel 2025-2035

I medhald av plan- og bygningslova §§ 11-1 og 11-5, samt vedtak i kommunestyret i møte den 19.08.2025, sak 49/25, melder Midt-Telemark kommune med dette oppstart av arbeid med kommuneplanen sin arealdel 2025-2035. Samtidig blir forslaget til planprogram sendt på høyring og offentlig ettersyn i minst seks veker, jf. plan- og bygningslova § 11-13.

Planprogrammet for KPA 2025-2035 er eit styringsdokument som rammar inn arbeidsprosessen. Det er forankra i plan- og bygningslova § 4-1 og sikrar ei ryddig og føreseieleg planlegging. Dokumentet skildrar formålet, føringar, tema, problemstillingar, kva forhold som skal konsekvensutgreiast, medverknadsprosessen og korleis planprosessen skal gjennomførast.

Føremålet med planarbeidet

I denne revideringa vert særleg to tema prioriterte:

1. Tilrettelegging for næringsareal.
2. Areal for energiproduksjon (fornybar energiproduksjon/ grøn kraftproduksjon).

Planprosessen

Planprosessen følger reglene i plan- og bygningsloven, og kan forklaras kort slik:

- Første steg er å utarbeide eit planprogram. Forslag til planprogram skal sendast på høyring og leggjast ut til offentlig ettersyn seinast samtidig med varsel om oppstart av planarbeidet. Fristen for å gi høyringsfråsegner skal vera minst seks veker.
- Det endelege planprogrammet skal vedtakast av kommunestyret og skal deretter leggjast til grunn for det vidare planarbeidet.
- Kommunen utarbeider forslag til KPA 2025-2035 med ei konsekvensutgreiing (KU) og alle nødvendige dokument.
- Planforslaget blir lagt ut, og alle berørte kan gi innspel (minst seks vekers høyringsfrist). Kommunen vurderer merknader og justerer planen.
- Kommunestyret vedtek endeleg KPA, og den vedtekne planen blir kunngjord og blir rettsleg bindande for arealbruk.

I planprogrammets høyringsperioden, **den 01.oktober kl. 19:00**, vil det bli halde eit ope **informasjonsmøte (folkemøte) hos Landbrukets hus, Brennavegen 30, 3810 Gvarv.**

Under høyringsperioden for planprogrammet gis alle interesserte høve til å fremja innspel både til planprogrammet og til KPA 2025-2035, anten som konkrete innspel eller som generelle merknader.

Fristen for å koma med innspel både til planprogrammet og til sjølve planarbeidet er sett til 07.11.2025.

Skriftleg innspel og merknader sendast til post@mt.kommune.no eller som brev til Midt-Telemark kommune, Teknisk forvaltning, Pb 83, 3833 Bø.

Plandokumenta kan finnast på www.midt-telemark.kommune.no under «Kunngjøringer» eller på <https://www.arealplaner.no>, og er lagde ut hos Teknisk forvaltning på Bekkevoll, Gullbringsvegen 20, kommunehuset og biblioteket.